



"Eit interessant kulturminneobjekt i eit levande kulturlandskap halde i hevd over tid". (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Styret for Kulturminnefondet har etter framlegg frå faggruppa og dagleg leiar avslege søknaden frå Olav H. Bringedal på Myklebust i Uskedalen om tilskot frå fondet til prosjektet Steingeila på Myklebust fordi det er nokre formelle manglar. Men det blir karakterisert som "eit interessant kulturminneobjekt i eit levande kulturlandskap halde i hevd over tid" og søkjaren blir tilrådd å søkja ein gong til.**

Avslaget kan ankast til Miljødepartementet, men berre på feil ved sakshandsaminga eller rettsbruken. Det kan imidlertid sendast inn fornya søknad til seinare søknadsfristar og det blir anbefalt at søkjaren då sventuelt tar kontakt med Kulturminnefondets sekretariat for råd og vegledning i god tid før fristen går ut.

Kostnadsoverslaget for prosjektet er 537 900 kroner, fordelt med 142.800 på dugnad og 395.100 på kjøp eller leie av tenester. Kulturminnefondet vart søkt om 72.360 kroner og søknaden om andre offentlege tilskot var på 322.740 kroner.

Prosjektet gjeld restaurering av to parallelle steingjerder med driftsveg frå 1700/1800-talet.

Kulturminnefondets opplyser at prosjektet fell innanfor verkeområdet til Kulturminnefondet, men peikar på at privat medfinansiering er under minimumskravet på 30 prosent . Dugnadsandelen utgjer 26,5 prosent. Det heiter også at søknaden er mangelfullt dokumentert og at budsjettet i søknadsskjemaet ikkje er utfyllt. Heller ikkje er SMIL-tilskot frå kommunen dokumentert.

Men Kulturminnefondet skriv at dette er eit interessant kulturminneobjekt i eit levande kulturlandskap halde i hevd over tid.

Vidare skriv sakshandsamar Helene Tiller: "- Restaureringa vil føre til at steingeila får attende sin opprinnelege funksjon. Garden er i full drift med ulike husdyr og gjerdet vil då ha ein funksjon i gardsdrifta. Anlegget har høg opplevingsverdi for ålmenta.

Søknaden har formelle manglar, mellom anna ved at eigar/eigarar ikkje har underteikna søknaden. Tiltaket omfattar tre bruk utan at det er gjort greie for eigartilhøva. Etter ei samla vurdering gjes ikkje søknaden høgare prioritet, men søkjaren blir anbefalt å fremja ny og forbetra søknad til neste søknadsrunde."

Av Ola Matti Mathisen